

Planprogram for revidering av kommune- planen sin samfunnsdel KPS



2024 -2044



FNs BÆREKRAFTSMÅL

27.02.2024

Kommunedirektøren

Innholdsliste:

1. Planprogram – bakgrunn og føremål	3
1.1. Forord - ordfører Morten Helland	3
1.2. Innleiing.....	4
1.3. Bakgrunn.....	4
1.4. Føremål med planarbeidet.....	6
2. Kva planprogrammet blir basert på	7
2.1. Kunnskapsgrunnlaget «Bømlo i dag – eit samfunn i endring»	7
2.2. Nokre nasjonale føringar og ressursar.....	7
2.3. Nokre regionale føringar og ressursar.....	7
2.4. Nokre lokale føringar og ressursar.....	8
3. Hovudutfordringar og sentrale tema i KPS 2024	9
3.1. Overordna berekraftsmål.....	9
3.2. Samfunnsdelen som styringsverktøy	10
3.3. Forventningar og kommuneøkonomi	10
3.4. Generasjonsvenlege, inkluderande lokalsamfunn	10
3.5. Samfunnstryggleik og beredskap.....	11
3.6. Helse.....	11
3.7. Bustadar og bumiljø.....	11
3.8. Klima	12
3.9. Natur, friluftsliv og miljø	12
3.10. Næringsutvikling og arbeidsplassar.....	12
3.11. Arealforvaltning	12
3.12. Mindre tilgjengeleg areal.....	13
3.13. Oppvekst og skule	13
3.14. Digitalisering	13
3.15. Interkommunalt samarbeid	14
3.16. Bømlo kommune som organisasjon.....	14
4. Planprosessen – fristar og deltakarar.....	15
4.1. Medverknad	15
4.2. Organisering (politisk og administrativt).....	16
5. Kva for alternativ vil bli vurdert?	17
6. Behov for utgreiingar og forhold til andre planar - planstrategi.....	17
7. Kjelder – referansar, rapportar og kunnskap som er nyttig i det vidare arbeidet	18

1. Planprogram – bakgrunn og føremål

1.1. Forord - ordførar Morten Helland

Me skal no gjere eit viktig arbeid i å rullere kommuneplanen sin samfunnsdel. Planen er den mest overordna planen kommunen har, og derfor den som tydelegast gir retning for Bømlo kommune inn i framtida.

God involvering frå innbyggjarar, organisasjonar og arbeidsliv på Bømlo er viktig i utarbeiding av ein slik plan. Me hadde ein brei involveringsprosess når planen vart utarbeida i perioden fram mot 2019. Men også i rullering, med nye folkevalde og noko endra utfordringsbilette for kommunen, er involvering viktig.

Bømlo, saman med heile kommune-Norge, står føre store endringar i tida som kjem. Eg vil peika på nokre ulike grunnar til dette, som kvar for seg krev at kommunen legg gode planar for framtida:

- **Demografiendringar**

Me blir relativt sett færre yngre, og fleire eldre, i perioden fram mot 2050. Det gir mange moglegheiter, mange eldre er ein viktig ressurs i framtida. Men det krev også at me legg til rette for at ressursane kan frigjerast. Det utfordrar oss likevel som samfunn at det relativt sett vert færre yrkesaktive per person i pensjonsalder.

- **Økonomi**

Med færre yrkesaktive per trygdemottakar må det få konsekvensar for tenestene i kommunen. Me skal ha kvalitet, men me må kanskje gjera mindre av noko, og me må i alle fall endre korleis me organiserer tenestene. Planen for helse, sosial og omsorg seier at «Skal me bevare må me endra». Dette blir også eit viktig tema i arbeidet med kommuneplanen.

- **Tilgang på arbeidskraft**

Me ser allereie i dag at det på mange felt er vanskeleg å få tak i kompetanse og arbeidskraft. Dette treff i dei fleste sektorar. Det vil utfordre oss i kommunen. Å leggja planar for korleis me både kan utdanna rette personar, men også tiltrekka oss arbeidskraft er kanskje det viktigaste arbeidet me gjer framover.

- **Klimaendringar**

Verda står i store omveltingar for å bremsa klimaendringar. Dette merkast godt i spørsmål om både bruk og produksjon av energi. Me må planleggja for endring i næringslivet og sikra at regionen vår skal ha ei leiande rolle i grøn omstilling.

Endringstider kan vera utfordrande, med det gir også moglegheiter. Det er meningsfullt å kunne planar i dag som gjer det betre for generasjonar som kjem etter oss. Me inviterer til samarbeid om planarbeidet for å sikra at Bømlo skal halde fram med å vera ein god plass å leva og bu.

Morten Helland
ordførar



1.2. Innleiing



Mål 16.b) Fremje og handheve ikkje-diskriminerande lover og politikk for berekraftig utvikling.



Mål 17.14) Oppnå ein meir samstemt og heilskapleg politikk for berekraftig utvikling

Dette er eit endeleg framlegg til planprogram for revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2024 – 2044. Formannskapet i Bømlo kommune sendte eit høyringsframlegg til planprogram på høyring i perioden 16.11.2023 – 08.01.2024. I ettertid fekk Statsforvaltar i Vestland, Vestland fylkeskommune og Jordvern Bømlo utsett høyringsfrist til 20.02.2024. Totalt tok kommunen i åtte mot fråsegn til høyringsutkastet til planprogram. Alle er vurderte av fagadministrasjonen og høyringsfråsegna ligg ved saka i sin heilskap.


1.3. Bakgrunn

Ordliste over nokre planomgrep

Sjå og gjeldande planstrategi for Bømlo kommune (2021)

Planprogram	Eit «program» som skal synes korleis ei revidering av ein plan skal bli gjort. Alle større kommuneplanar har krav om planprogram. Kan og gjelde private planar.
Planstrategi	Oversyn over dei viktigaste planane eit kommunestyre vil prioritere i 4-årsperioden.
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Den eine delen av ein kommuneplan
Kommuneplanen sin arealdel	Den andre delen av ein kommuneplan
Kommuneplanen sin handlingsdel	Kan vere ein eigen handlingsplan, men i Bømlo kommune og dei fleste andre kommunar, er det dei årlege budsjetta som er definert som handlingsplan.
Økonomiplan og årlege budsjett	Ein økonomiplan kan vere ein langsiktig plan for økonomien, eit fleirårig budsjett. Budsjett er det kommunestyret skal handsame kvart år.
Arealplan	Arealplanar kan vere reguleringsplanar (private, offentlege) eller kommunedelplanar, arealplanar for ei bestemt geografisk område. Arealplanar har areal-ID.
Samfunnsplan	Alle planar som ikkje har areal-ID – alle planar for kultur, skule, oppvekst, næring, klima, friluftsliv osv. er samfunnsplanar
Plannivå	Om rangering av planar i ein kommune. Kommuneplanen har høgast plannivå, deretter kommunedelplanar osv.
Plantype	Definerer om ein plan er ein kommunedelplan, ein strategi, ein temaplan, ein handlingsplan
Plantema	Tema som kommunen definerer som prioritert satsingsområde, til dømes klima, naturmangfald, stadutvikling, kulturmiljø, barn og unge osv.

Dei viktigaste planane er kommuneplanen sine to delar (samfunnsdel og arealdel), planstrategi, kommunedelplanar. Andre planar – kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar, temaplanar m.m. – og kommunen sine årlege budsjett skal bygge på samfunnsdelen, som illustrasjonen synar.



Ill. frå sluttrapport «Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel», KS-FoU/Asplan Viak 2023

Det er lovbestemt i plan- og bygningslova (pbl) at kommuneplanen sin samfunnsdel skal:

- ta stilling til dei langsiktige utfordringar, mål og strategiar for samfunnet som heilskap. KPS kan ikkje omhandle alt, noko som krev at kommunestyret prioriterer.
- diskutere kommunen som organisasjon. KPS må vere nyttig for einingane i si vidare planlegging
- vere grunnlaget for sektorane sine planar og verksemda i kommunen
- ha ein handlingsdel/økonomiplan som seier korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir. Handlingsdelen/økonomiplanen skal reviderast årleg (budsjetta)

Dagens samfunnsdel for Bømlo kommune «#Bømlo2049» blei vedteke av kommunestyret i juni 2019. I gjeldande planstrategi planstrategi for Bømlo kommune 2021 – 2024 står det at denne skal bli revidert i 2023 (år for oppstart).

Kommuneplanen bør vere eit «levande dokument» og vere oppdatert som mogleg. Kommunen har over lengre tid ønska å harmonisere revideringa av kommuneplanen med kommunestyreperiodane. I planstrategien er difor valåret 2023 vald spesifikt, slik at det nye kommunestyre kan sette i gang arbeidet med samfunnsdelen heilt i starten av perioden.

Ein viktig føresetnad for å få dette til har vore at det sentrale kunnskapsgrunnlaget «Bømlo i dag» har vore klart i forkant. Dette ligg føre og blir lagt til grunn for både kommuneplanarbeidet og anna planarbeid.

1.4. Føremål med planarbeidet

Alle større planar skal ha eit planprogram. Planprogrammet startar planprosessen og må ut på høyring i minimum seks veker. Dette planprogrammet varslar oppstart for revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2024 - 2034. Planprogrammet skal mellom anna gjere greie for:

- føremålet med planarbeidet
- kva plantema som er dei mest sentrale
- planprosess og opplegg for medverknad
- aktuelle alternativ som bør bli vurdert
- behov for ny kunnskap/kartlegging.

Ei sentral målsetting som skal halde fram er å gjere heile kommunen meir berekraftig og jobbe etter FN sine berekraftsmål. Me skal fortsette med å gjere berekraftsmåla meir synlege i planane.

Sidan dei årlege budsjetta skal vere samfunnsdelen sine handlingsdelar må dei langsiktige økonomiske konsekvensane av måla i samfunnsdelen kome meir tydeleg fram. Den nye samfunnsdelen må bli ein meir styrande økonomiplan.

Dei arealstrategiske føringane i gjeldande samfunnsdel frå 2019 vil halde fram og bli vidareutvikla mellom anna med omsyn på naturverdiar og jordvern. For å få ein endå betre samanheng mellom samfunnsdel og arealdel, og effektivisere planprosessen, er det ønskeleg at endeleg framlegg til ny samfunnsdel bli lagt fram samstundes med planprogram for ny arealdel.

Planstrategien for kommunestyreperioden 2023 – 2027 må og sjåast i samanheng med samfunnsplanprosessen. Kommunen tek difor gjerne i mot innspel til nye kommunale planar eller planar som bør bli revidert i denne perioden. Planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv, men skal syne dei prioriterte planane for kommunestyreperioden. Det kan vere gunstig å vedta denne samstundes med, eller like etter at, planprogrammet for samfunnsdelen er godkjent.

Samstundes med denne høyringa er både politikarane og administrasjonen i gang med andre store planar som til dømes kommunedelplan for kultur, idrett og frivilligheit og kommunedelplan for oppvekst. Gjennom medverknads- og innspelsarbeidet til desse får kommunen i praksis verdifulle innspel til ny samfunnsdel og.

2. Kva planprogrammet blir basert på



Mål 17) Samarbeid for å nå måla

Kommuneplanen skal ikkje berre syne korleis ein tek vare på lokale mål, men skal og ta vare på fylkes- og nasjonale målsettingar. Dette må me samarbeide om, eit viktig berekraftsmål i seg sjølv (17).

I dette kapittelet synar me til nokon av mange viktige føringar og ressursar, med vekt på dei mest relevante for Bømlo kommune sin del, eller nye planverk som me bør inkorporere på eit overordna nivå.

I tillegg skal kommunen styre etter ei rekkje lovar, forskrifter, nasjonale/sectorvise strategiar, pålegg og så bortetter.

2.1. Kunnskapsgrunnlaget «Bømlo i dag – eit samfunn i endring»

Hovudutfordringsdokumentet «Bømlo i dag» ligg til grunn for kommunen sine overordna prioriteringa. Dei viktigaste hovudutfordringane blir dei mest sentrale plantema i ny kommuneplan.

Både politisk og administrativ leing skal prioritere og arbeide med plantema i løpet av høyringsperioden.



2.2. Nokre nasjonale føringar og ressursar

- Nasjonale forventningar kommunal planlegging (juni 2023)
- Nasjonale utviklingstrekk 2023, Kommunal- og distriktsdepartementet
- Nytt rammeverk for naturavtale (KS) – ny nasjonal handlingsplan for natur
- Statlege planretningslinjer for a) klima, energi og klimatilpassing b) bustad-, areal- og transportplanlegging
- Digitaliseringsstrategien "Én digital offentlig sektor" 2019–2025
- Råd frå ungdommens distriktspanel

2.3. Nokre regionale føringar og ressursar

Vestland fylkeskommune har fleire planar og kartleggingar som me legg til grunn, til dømes:

- Vestland fylkeskommune sine folkehelseoversyn og folkehelseundersøking i Vestland

- Regional klimaplan og plan for klima 2022 – 2035
- Regional utviklingsplan
- Regional plan for attraktive sentre 2015 – 2030
- Regional plan for kultur «Kultur bygger samfunn» - 2023 – 2035
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022–2027
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (2017) og strandsonerettleiar for Vestland fylke

2.4. Nokre lokale føringar og ressursar

- Gjeldande KPS «Bømlo 2049 kommuneplanen sin samfunnsdel 2019 – 2049», fleire plantema bør bli ført vidare som til dømes inkludering, tilflytting, arbeidsplassar og arealstrategiske føringar
- Hovudutfordringsdokumentet «Bømlo i dag – eit samfunn i endring. Status og hovudutfordringar 2024 – 2034»
- Kunnskapsgrunnlag frå andre planprosessar
- Tilflyttarstrategien 2023, Bømlo Næringsråd/Leva Urban Design

3. Hovudutfordringar og sentrale tema i KPS 2024

Basert på mellom anna hovudutfordringsdokumentet «Bømlo i dag», er dette dei førebels prioriterte hovudutfordringane for kommunen framover. Desse heng tett saman med kva for berekraftsmål som er dei mest viktige. Politisk og administrativ leiding vil jobbe meir med desse tema i løpet av høyringsperioden.

3.1. Overordna berekraftsmål

Basert på «Bømlo i dag», politisk og administrativ arbeid i siste periode så skil nokre berekraftsmål seg ut som særleg aktuelle i Bømlo kommune. Her med målformuleringar tilpassa lokale forhold:



Mål 3.4) Innan 2030 redusere prematur døying av ikkje-smittsame sjukdommar med ein tredel gjennom førebygging og behandling, og fremje mental helse og livskvalitet. Me vil halde alle generasjonar mest mogleg friske.



Mål 4.4) Tilgang på kompetanse blir vesentleg framover, me må sørge for ei vesentleg auke i talet på unge og vaksne som har etterspurt kompetanse, mellom anna i helse, tekniske fag og yrkesfag, som er relevant for sysselsetjing, anstendig arbeid og entreprenørskap



Mål 6.4) Innan 2030 vesentleg betre utnyttinga av vatn i alle sektorar og sikre berekraftig uttak av, og stabil tilgang til, reint ferskvatn for å bote på mogleg vassmangel



Mål 8.2) Sikre at den lokale økonomiske produktiviteten held fram gjennom å ha eit samansett næringsliv, satse på teknologisk framgang og innovasjon



Mål 8.3) Fremje ein utviklingsretta politikk som støttar opp under produktive aktivitetar, oppretting av anstendige arbeidsplassar, entreprenørskap, kreativitet og innovasjon, og stimulere til formalisering av og vekst i talet små og mellomstore bedrifter.



Mål 11.1) Innan 2030 sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggjande tenester til ein overkomeleg pris

Mål 11.2) Innan 2030 sørge for at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem til ein overkomeleg pris og betre tryggleiken på vegane, særleg ved å leggje til rette for kollektivtransport og med særleg vekt på behova til personar i utsette situasjonar, kvinner, barn, personar med nedsett funksjonsevne og eldre.

Mål 11.4) Styrkje innsatsen for å verne og sikre kultur- og naturarven kor UNESCO-status forpliktar særleg.



12.2) Innan 2030 oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar. Med dette meiner me og jordvern og å ta var på uberørt natur.

12.7) Bømlo kommune skal fremje berekraftige offentlege innkjøp, inkludert attvinning og sirkulærøkonomi



Mål 13.2) Innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging

13.3) Styrkje evna enkeltpersonar og institusjonar har til å redusere klimagassutslipp, tilpasse seg til og redusere konsekvensane av klimaendringar og varsle tidleg



Mål 15.5) Setje i verk tiltak for å redusere øydelegginga av habitat, stanse tap av biologisk mangfald og verne truga artar og hindre at dei dør ut

3.2. Samfunnsdelen som styringsverktøy

Gjeldande KPS 2019 – 2049 blei basert på eit omfattande medverknadsarbeid og har blitt eit meir anvendt planverktøy i dag enn for nokre år si. Fleire av målsettingane held seg over tid. Neste samfunnsdel må bli eit endå meir tydeleg lokalpolitisk styringsverktøy og grunnlag for både politisk og administrativ styring i kommunen. Kommunen må få eit betre system for å syne kva me har oppnådd og kva me er i mål med.

Samfunnsdelen må bli ein økonomiplan, som syner dei langsiktige økonomiske prioriteringane som dei årlege budsjetta skal basere seg på.

Samfunnsdelen skal halde fram med å vere eit arealstrategisk verktøy. Dei arealstrategiske føringane i gjeldande samfunnsdel vil bli vidareutvikla. Koplinga mellom økonomi, natur og arealdisponering må kome meir tydeleg fram. I framdriftsplanen legg ein til grunn at endeleg framlegg til ny KPS og planprogram for revidering av KPA blir lagt fram samstundes.

3.3. Forventningar og kommuneøkonomi

Bømlo kommune har hatt ei god økonomistyring. Framover kjem det til å bli eit større gap mellom kva innbyggjarane forventar av kommunen, og det som kommunen kjem til å klare å utføre om me ikkje prioriterer annleis. Dette gapet må me gjere minst mogleg. Kommunen må prioritere i større grad, samt satse på førebygging og «føre-var»-planlegging.

Med mindre økonomiske rammer blir det å ta vare på det me allereie har meir viktig. Gjenbruk gjeld i svært mange sektorar kor kommunen er ein aktør, som til dømes ved konsum av tekstil i helsesektor, IKT-utstyr, byggjematerial og generelt som storkjøpar. Gjenbruk må bli betre innarbeidd i krav i både byggjeprojekt og innkjøpsavtalar.

3.4. Generasjonsvenlege, inkluderande lokalsamfunn

Eit generasjonsvenleg samfunn skal vere for alle, også unge. Framover kjem Bømlo kommune til å få ei eldre befolkning. Dette gjev moglegheiter mellom anna med tanke på frivilligheit. Byrda på forsørgjarar

aukar kjem til å auke i takt med at det blir fleire eldre og færre yngre i kommunen. Eit sentralt mål blir å at befolkninga i alle generasjonar skal ha best mogleg helse. Inkludering – både fysisk og digitalt – i både arbeidsliv og fritid, må og bli eit gjennomgåande og tverrsektorielt tema framover. Her e mobilitet eit stikkord. Å kome seg fram eller å ha tilgang til viktige tenester og tilbod utan å vere avhengig av bil er ein viktig del av inkluderingsarbeidet. Yngreomsorg kan bli eit like sentralt omgrep som eldreomsorg.

3.5. Samfunnstryggleik og beredskap

Bømlo kommune arbeidar for å vera best mogleg førebudd på beredskaps-situasjonar som kan oppstå. Dette vert gjort gjennom planarbeid og øvingar, også i samarbeid med mange andre aktørar for at innbyggjarane i Bømlo skal leva i eit trygt og godt lokalsamfunn.

Risiko- og sårbarheitsbildet er i konstant endring. Kommunen må vera merksam på beredskapshendingar og endringar som skjer regionalt, nasjonalt og globalt. Det gjeld til dømes global pandemi, nye og endra trugselbilete, som t.d. ekstremisme, (cyber-)kriminalitet og spionasje. Klimarisiko og klimatilpassing må halde fram med å bli sett i samheng med ROS (tørke, storm, havnivå). I tillegg er det dei meir openberre beredskapshendingane som t.d. større ulukker, forureining eller bortfall av straum.

3.6. Helse

Sosial ulikskap i helse blir den største folkehelseutfordringa framover. Det har Vestland fylke og identifisert. Årsakene er mellom andre bakanforliggende faktorar som ikkje er så synlege, som til dømes inntekt, oppvekst, utdanning, arbeidstilhøve, medan direkte faktorar er arv, levevaner og åtferd. Deltaking, inkludering i samfunnet og førebyggje ufrivillig einsemd gjennom å ha eit sosial nettverk er avgjerande psykisk helse og livskvalitet.

3.7. Bustadar og bumiljø

Mange trivst i kommunen og blant ungdom ligg til dømes over landssnitt på opplevd tryggleik i nærmiljøet. Bustad- og bumiljøpolitikk er eit sentralt tema for å klare å bli eit generasjonsvenleg samfunn. Arealpolitikk må i større grad sjåast i samheng med økonomi, natur, helse, mobilitet, arbeidsplassar og kommunale tenester. Difor treng Bømlo kommune både meir heilskapleg kunnskap om bustad og bumiljø i kommunen. Kommunen må føre ein meir strategisk bustadplanlegging og må vedta bustadpolitikk. Folkebiblioteka spelar ei viktig rolle i nærmiljøa og som ein demokratisk arena for både kultur og deltaking.

For å appellere til tilflyttarar og gjennomføre nasjonale satsingar som «Bu trygt heime» må me i større grad sjå bustad, mobilitet og arealforvaltning på tvers av kommunegrensar og. Å dyrke og få faram stadeigne kvalitetar

3.8. Klima

Klimarelatert arbeid har aldri vært så viktig som det er i dag og me skal ta vare på det positive klimaengasjementet. Bømlo kommune fekk nyleg tilsett klima- og miljørådgjevar, noko som gjer kommunen i stand til å vere ein pådrivar i arbeidet med klimatilpassing og klimaforebygging. Dette betyr at me kan ha auka fokus på klimaberedskap, kutte klimagassutslepp, bevare naturlege karbonlagre, fase ut mest mogleg fossile energikjelder, og gjere meir omfattande kartleggingar på områder knytt til dette. Lokal energitilgang og energisparing kjem til å bli eit viktig tema i ny samfunnsdel og.

3.9. Natur, friluftsliv og miljø

I desember 2022 vedtok FN ein naturavtale som svar på naturkrisen verden står ovanfor. Bømlo kommune tar dette ansvaret på alvor, og vil utarbeide betre rammer for å ta vare på naturmangfald og økosystem i planarbeidet. Dette betyr blant anna å ha økt fokus på å unngå utbygging av urørt natur og landskap, ivaretaking av lokale friluftsområde og grønstrukturar, og aktivt arbeide for å forebygge og rydde opp i lokale forureiningar. Vi vil også aktivt jobbe for å nå miljømåla i vassforskrifta.

3.10. Næringsutvikling og arbeidsplassar

Næringslivet i Bømlo går svært bra, og kom til dømes ut på 38. plass i NHO sitt «Kommune NM» i 2023. Me skal halde fram med å ha eit bredt spekter av arbeidsplassar og gründerand. Næringspolitikk må bli eit sentralt tema i ny samfunnsdel. Sidan kommunen per i dag ikkje har næringspolitisk rådgjevar eller eigen næringsplan bør dei overordna måla vere i KPS og bli følgt opp med handlingsplanar. Mangel på arbeidskraft og kompetanse, både privat og offentleg, er ein av dei store utfordringane som me må løyse i fellesskap. Tilgang på nok kraft er og anna infrastruktur blir eit kritisk punkt framover. Gode bumiljø, mobilitet og høvelege bygg og areal er grep kommunen kan prioritere. Reiselivssatsing må sjåast i samanheng med både kultur, handel og naturforvaltning.

3.11. Arealforvaltning

I gjeldande samfunnsdel #Bømlo2049 blei kommunesenteret og dei fire andre lokalsentra definerte og gjort tydelege, basert på breie medverknadsprosessar med grendautval og andre. Dei arealstrategiske satsingane held fram. Me ønskjer å halde fram med å byggje opp under dei definerte lokalsentra som viktige «nav» for alle grendene omkring.

Dei arealstrategiske føringane må i større grad sjåast i samanheng med jordvern, naturverdiar, næringsliv, infrastruktur, mobilitet og kultur (kulturmiljø, kulturlandskap). Me skal sette eit konkret jordvernmål i KPS.

Det er ønskjeleg å sikre sårbare områder som til dømes verna områder, naturområde og kjerneområde for landbruk mot utbygging og vil sette langsiktige byggjegranser.

Me ønskjer og å få på plass eit arealrekneskap og sikte oss inn mot å bli arealnøytrale, med eit stadfesta mål.

3.12. Mindre tilgjengeleg areal

Av fleire årsaker kjem tilgjengeleg areal i praksis til å bli mindre framover. Dette er dels grunna stadig høgare kostnader for utbygging og drift, dels grunna klimatilpassing/klimarisiko og dels for å sikre den urørte naturen og matjorda som er igjen. Meir spreidd infrastruktur (veg, VA, bustadareal) er svært kostbart for kommunen og kjem ikkje til å vere økonomisk berekraftig for kommunen. Det er venta ei nasjonal handlingsplan for natur, med bakgrunn i den globale naturavtalen frå Montreal 2022, kor kommunane er nøkkelaktørar. Me har likevel eit behov areal til anlegg og nye næringar. Areal må i større grad bli gjort tilgjengeleg gjennom omdisponeringar og omprioriteringar. Eit arealrekneskap, gjerne i kombinasjon med eit naturrekneskap, er høgss nødvendig å få på plass.

3.13. Oppvekst og skule

I Bømlo er det full barnehagedekning og høg barnehagedeltaking som bidreg til sosial utjamning. Nærmiljøa er engasjerte i skulane sine, med fleire aktivitetar der på ettermiddag og kveldstid. Kommunedelplan for oppvekst skal bli rullert i 2024. Sjølv me i dag har kvalifiserte tilsette i skule og barnehage vil tilgangen på slik arbeidskraft bli ei utfordring. Barnetalet i kommunen går ned, og vil føre til utfordringar når det gjeld demografi, skular og infrastruktur. Det vil vere store vinstar for samfunnet i å satse godt førebyggjande folkehelsearbeid som ein integrert del av barn og unge sin oppvekst.

3.14. Digitalisering

Kommunen skal halde fram med sin strategi og visjon om ein enklare digital kvardag med brukar i sentrum. Dette inneber mellom anna tilrettelegging for at innbyggjarane skal kunne gjere viktige oppgåver digitalt via sjølvbetening og virtuelle assistanseløysingar, noko som er satsingsområde både nasjonalt og lokalt. Samstundes skal me førebyggje digitalt utanforskap i alle sektorar og vere bevisste på at det digitale samfunnet kan vere ulikt tilgjengeleg i ulike livssituasjonar. Digitaliseringa gjer og at samfunnet blir meir sårbart for cyber-kriminalitet¹, noko som får store konsekvensar for einskildpersonar og organisasjonar kvart år.

¹ Cyber-kriminalitet er kriminelle handlingar som inkluderer datamaskiner, nettverk eller internett og er den største trusselen i vår tid.)

3.15. Interkommunalt samarbeid

Bømlo kommune har mykje godt interkommunalt samarbeid som me vil føre vidare. Me ønskjer meir interkommunal dialog og samarbeid om tema som areal-, transport - og bustadar. Dette er blir forventa av oss i i Nasjonale forventningar til kommunal planlegging. Denne samordninga bør likevel bli meir systematisert, noko Bømlo har spelt inn til andre mynde dei siste åra. Til dømes bør fylkeskommunen, som har ei koordinerande planrolle, ta meir ansvar her. Bømlo kommune kan likevel samordne dette meir med Stord og Sveio framover, til dømes ha konkrete dialogmøte om planstrategiar og kommuneplanar.

3.16. Bømlo kommune som organisasjon

Kommunen treng mange gode fagfolk i alle ledd for å å møte framtidens utfordringar. Det er avgjerande for å redusere forventningsgapet mellom kva som blir forventa av kommunen og kva me kjem til å klare å levere. Internt i organisasjonen blir det behov for meir kompetanse på til dømes klima i arealforvaltning, helse- og bumiljø i ein nærare samanheng, meir grøne og berekraftige innkjøp (produkt, IKT, bygg, skule- og helsesektor). Alle tilsette skal ha tryggleik i arbeidskvardagen sin.

4. Planprosessen – fristar og deltakarar

Det er fleire kommunedelplanar under arbeid samstundes i 2023 – 2024. Desse planprosessane, og særleg medverknadsarbeidet, må bli koordinerte. Framlegg til ny arealdel blir lagt ut på høyring i same periode som dette planprogrammet. I praksis er kommunen i gang med planfasen til ny samfunnsdel allereie, samstundes som me jobbar med dei andre kommunedelplanar.

Det er ønskeleg med ein kontinuerleg og effektiv planprosess mellom kommuneplanen sine to delar. Difor bør endeleg framlegg til KPS bli lagt fram samstundes med planprogram for ny rullering av arealdelen.

Kommunedirektøren anbefaler å etter at planprogrammet er godkjent av kommunestyret, helst juni 2024.

Tidspunkt for endeleg vedtak av ny KPA 2024 kan bli gjort er vanskeleg å sette fast no. Det er mykje som blir avhengig av høyringa. I alle høve ønskjer kommunedirektøren at kommunestyret sett i gong med revidering av arealdelen like etter vedtak av samfunnsdelen. Den neste KPA-prosessen bør bli rullert meir på tema/geografi, og ikkje ei full rullering av heile dokumentet. Dette vil bli drøfta vidare som ein del av ny planstrategi.

Styringsgruppa vil frå no bli meir løypande informert om framgangen i arbeidet med meir detaljerte framdriftsplan enn her. Administrasjonen er i ferd med å innføre eit nytt digitalt prosjektstyringsverktøy som skal gjere dette meir enkelt (Monday).

Førebelse milepålar er:	
15.04.2024	Kommunestyret godkjenner planprogram
17.05.2024	Frist for grendautvala å halde innspelsmøter
17.06.2024	Kommunestyret godkjenner planstrategi
Medio august	Utkast til KPS ligg føre, kan bli drøfta i regionalt planforum august/september (fylkeskommunen sin kalender er ikkje klar i skrivande stund)
November	Formannskap sender framlegg til KPS ut på høyring og offentleg ettersyn
April 2025	Kommunestyret vedtek endeleg kommuneplanen sin samfunnsdel

4.1. Medverknad

Kommunen vil halde informasjonsmøte om planarbeidet som er i gang. Innspels- og medverknadsarbeidet for kommuneplanen sin samfunnsdel, kultur og oppvekst må bli samkøyrde. Som ved sist rullering vil grendautvala bli viktige samarbeidspartnarar og få hovudansvar for å arrangere og mobilisere til medverknad. «Folkemøter», medverknads- og innspelsmøter bør skje innan mai 2024.

Dei kommunale råda vil bli aktivt involverte. I tillegg skal me ha digital medverknad i form av til dømes spørjeundersøkingar og andre barrierefrie måtar å kome med innspel på.

Me skal aktiv ut og engasjere barn og unge både gjennom ABCD-metoden, «Ruslemaking» eller andre måtar som det måtte kome framlegg på. Dei folkevalde/styringsgruppa må vere representerte når kommunen møtar publikum.

4.2. Organisering (politisk og administrativt)

Formannskapet blir styringsgruppe for ny KPS og KPA. Styringsgruppa vil vere løpande på prosessen og legg føringar for politiske handsaming, tema som bør bli omtala, kartleggingar, sakar undervegs, progresjon med meir.

Kommunedirektøren er den administrative prosjekteigaren, samfunnsplanleggjar prosjektleiar med ulike administrative arbeidsgrupper.

5. Kva for alternativ vil bli vurdert?

I løpet av høringsperioden og i planfasen vil ulike scenarier for kommunen bli vurdert. Det kan til dømes vere med omsyn på både globale og lokale trendar og drivarar, og kva for slags konsekvensar dette får for kommunen. Døme på drivarar kan vere demografiske utviklingsbanar, gradar av klimarisiko eller ulike økonomiske verknadar/sjokk.

6. Behov for utgreiingar og forhold til andre planar - planstrategi

Behov for større utgreiingar bør vere ein del av ny planstrategi, kor ein og definerer økonomiske behov til dømes kostnader til innleigd konsulenthjelp. Kommunen er pålagt å godkjenne ein ny planstrategi innan eitt år etter at kommunestyre har konstituert seg. I plan- og bygningslova overlappar planstrategi og samfunnsdel sine tema med kvarandre, og det blir oppmoda til å sjå desse dokumenta i samanheng.

Nokon kartleggingar kan me prioritere å gjere med eigen kompetanse. Aktiv bruk av digitale verktøy være vesentleg som hjelpemiddel. Andre kartleggingar og utgreiingar vil me måtta leige inn konsulenthjelp eller samarbeide med andre kommunar, fylkeskommunen, Sunnhordlandsrådet etc.

På det noverande tidspunkt ser me at kommunen har behov for mellom anna:

- ein meir djuptgåande bustad- og bumiljøanalyse, med omsyn på mobilitet, møteplassar og handel
- ulike klimakartleggingar, mellom anna kartlegging av potensiale for lokal energi, konsekvensar for kommunen knyta til klimaendringane, og bruk av Co2-, areal- og naturrekneskap
- For å forebygge nedbygging av natur, friluftsområde og grønstruktur, så trengst det ein omfattande kartlegging for å styrke naturen og friluftslivets forsvar til utbygging. Dette kan også bli gjort gjennom blant anna naturregneskap.
- Kartlegging av lokale forureiningar, mellom anna forureina vassmiljø, grunn, og sjøbotn

Elles anbefalar kommunedirektøren at kommunen at:

- Få etablert eit arealrekneskap og klimarekneskap
- gjeldande veteranplan blir integrert i ny KPS
- tema frå førre landbruksplan frå 2006, blir oppdaterte og implementert i ny KPS. Landbruk blir følgt opp med årlege/2-årige handlingsplanar
- fram mot ny planstrategi drøfte plannivå og plantype for Svortland sentrum
- fram mot ny planstrategi drøfte om Langevåg skal få eigen temaplan (areal- eller tematisk)
- fornyar og utdjuar næringskapittelet med overordna næringspolitiske mål, som blir følgt opp med ein handlingsdel

7. Kjelder – referansar, rapportar og kunnskap som er nyttig i det vidare arbeidet

Bømlo næringsråd/LEVA Urban Design, «Tilflyttarstrategi»: <https://www.tilflyttarstrategi.no/>

Distriktssenteret: «Bærekraft i distriktskommuner Hvordan innbyggere i distriktskommuner forstår bærekraft, og hvordan distriktskommuner arbeider med bærekraftig samfunnsutvikling» (2021): <https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2022/05/Barekraft-i-distriktskommuner-220509.pdf>

Distriktssenteret: «10 råd frå ungdommens distriktspanel» (2021): <https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2022/11/10-rad-fra-ungdommens-distriktspanel.pdf>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet: «Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027» <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20232027/id2985764/?ch=1>

Kommunal- og distriktsdepartementet: «Regionale utviklingstrekk 2023» (2023): <https://www.regjeringen.no/contentassets/3f1f1c0954964f9792b9701fbedee79b/no/pdfs/regionale-utviklingstrekk-2023.pdf>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet: «Kyststrategi – nye jobber langs kysten vil gi vekst og utviklings i Distrikts-Norge» (2021): <https://www.regjeringen.no/contentassets/2f8acc360e404c8f8f45538c23e5723d/no/pdfs/kyststrategi.pdf>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet: «Strategi for småbyer og større tettsteder som regionale kraftsentre - Sterke småbyer og tettsteder gjør det attraktivt å bo, leve og jobbe i hele landet» (2021)

Vestland fylkeskommune: «Folkehelseundersøkingane i Vestland 2018 – 2022», link til side med rapportar: <https://www.vestlandfylke.no/folkehelse/kunnskapsgrunnlag/folkehelseundersokelsen/>

Vestland fylkeskommune «Scenario Vestland 2040»: <https://storymaps.arcgis.com/collections/940a8355d3bb4cd6883ee0cf592e0404>